



Time kommune
OPPVEKST

INFORMASJON OM ELEVPERMISJON

Høve til å søkja permisjon

Opplæringslova § 2-11 regulerer elevpermisjonar:

Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil 2 veker. Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skolen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag.

Paragrafen må sjåast i samanheng med § 2-1 som omhandlar rett og plikt til grunnskoleopplæring: *Barn og unge har plikt til grunnskoleopplæring, og rett til ei offentleg grunnskoleopplæring i samsvar med denne lova og tilhøyrande forskrifter. Plikta kan ivaretakast gjennom offentleg grunnskoleopplæring eller gjennom anna, tilsvarende opplæring.*

Permisjon er ikkje ein rett for den enkelte. Ved permisjon fråskriv eleven (eller foreldre/føresette på eleven sine vegne) seg retten til offentleg grunnskoleopplæring for ein periode tilsvarende lengda av fråværet.

Permisjonslengde

Opplæringslova si grense for maksimal permisjonstid er 2 veker. Det betyr at ingen elevar kan få permisjon som varer lenger enn 2 veker (10 skuledagar). Opplæringslova set ingen grenser for kor mange gonger skulen kan gje permisjon. Dette må sjåast i samanheng med kravet om at permisjonen er forsvarleg. For fråver **utover** 2 veker, vert eleven skriven ut av skulen. Om eleven kjem tilbake, vert han/ho meldt inn igjen på skulen på vanleg måte. Viss det er ledig kapasitet, vil eleven få tilbake plass i si opprinnelege elevgruppe. Eleven kan ikkje rekna med at skulen tilbyr ekstra undervisning for å ”ta igjen” for tapt undervisning i fråværsperioden.

Forsvarleg permisjon

Ved søknad om permisjon skal rektor vurderer om det er forsvarleg i forhold til eleven si opplæring å la han/ho vera borte frå skulen i det aktuelle tidsrommet. Rektor må mellom anna vurderer:

- om det vert gitt opplæring i permisjonstida
- om eleven har hatt permisjon tidlegare
- eleven sitt faglege nivå, dokumentert i kartleggingsprøvar og ulike testar
- kva andre sosiale, intellektuelle og kulturelle opplevingar eleven vil få i permisjonstida og kva utbytte han/ho kan få av dette

Det er ikkje eit krav at elevar får opplæring i permisjonstida, men det vil vera enklare å forsvara ein permisjon om eleven får eit godt opplæringstilbod i permisjonstida. Å vurdere om ein permisjon er forsvarleg, byggjer til ei viss grad på skjønn. Utdanningsdirektoratet tilrår at skulane legg opp til ein streng vurderingspraksis.

Utanlandsopphald

Opplæringslova gjeld ikke utanfor landet. Rett og plikt til grunnskoleopplæring gjeld ikkje for elevar som oppheld seg i utlandet. Permisjonssøknad for utanlandsopphald skal likevel handsamast på vanleg måte. For utanlandsopphald utover 2 veker, vert eleven skriven ut av skulen. Om eleven kjem tilbake, vert han/ho meldt inn igjen på skulen på vanleg måte. Viss det er ledig kapasitet, vil eleven få tilbake plass i si opprinnelege elevgruppe. Eleven kan ikkje rekna med at skulen tilbyr ekstra undervisning for å ”ta igjen” for tapt undervisning i fråværsperioden.

Ugyldig fråvær

Viss føresette tek ein elev ut av skulen utan å ha søkt om permisjon, eller utan å ha fått godkjent søknad om permisjon, vil eleven få registrert ugyldig fråvær.

Vedtaksmyndigheit

Rektor ved den enkelte skule saksbehandlar søknad om permisjon og skriv ut elevar frå skulen.

Søknad/søknadsfrist

Søknad om permisjon må sendast skulen seinast ein månad før permisjonen startar. *Søknadsskjema elevpermisjon* skal nyttast. Kopi av vedtak om permisjon skal i elevmappe.

Ved utskriving av skulen for fråvær utover 2 veker skal skjema *Utskriving av skule* nyttast. Kopi av vedtak om utskriving skal i elevmappe. Det skal i tillegg sendast kopi av vedtak om utskriving til fagstab oppvekst.

Klage

Rektor sitt vedtak til ein søknad om permisjon er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Søkjar kan klaga på vedtaket. Fylkesmannen er klageinstans for klage på vedtak etter opplæringslova.

Skjema: - *Søknadsskjema elevpermisjon - Utskriving av skule*